



ÅRSMØTE I NAUSTDAL BÅTLAG

Torsdag 26. mars 2015 kl. 18.00 på Dalen Næringsssenter

Sakliste

1. Godkjenne medlemmar med tale- og stemmerett

Det er møtt fram 13 personar på årsmøte. Deltakarliste er vedlagt årsmeldinga.

Årsmøte godkjenner 13personar med tale- og stemmerett.

2. Godkjenning av innkalling og sakliste

Styret sitt framlegg:

Årsmøte godkjenner innkallinga og sakliste til årsmøte.

Vedtak: Framlegget vart samrøystes vedteke.

3. Val av ordstyrar

Styret sitt framlegg:

Årsmøte vel Egil Gulholm til ordstyrar.

Vedtak: Egil Gulholm vart samrøystes vald til ordstyrar.

4. Val av skrivar

Styret sitt framlegg:

Årsmøte vel Oddbjørn Schei til skrivar.

Vedtak: Oddbjørn Schei vart samrøystes vald til skrivar.

5. Val av to personar til å underskrive årsmøtereferat

Årsmøte valde:

1.: Svein Jarle Reiakvam,

2.: Bjørn Olav Erdal

6. Årsmelding

Styret viser til vedlagt årsmelding for 2014.

Styret sitt framlegg:

Årsmøte tek årsmeldinga for 2014 til vitande.

Ordstyrar Egil Gulholm las årsmeldinga.

Vedtak: Årsmeldinga vart samrøystes godkjend.

7. Rekneskap

Styret viser til revidert rekneskap for 2014 og nøkkeltal mellom budsjett og rekneskap for 2014.

Styret sitt framlegg:

Årsmøte godkjenner rekneskapen for 2014.

Kasserar Sverre Nordgård gjekk gjennom rekneskap 2014 samt revisjonsmelding datert 26. mars. Rekneskapet viser eit overskot 2014 kr. 69.922 og eigenkapital pr. 31.12.2014 kr. 1.166369. Revisjonsmelding og rekneskap er vedlagt årsmeldinga.

Vedtak. Rekneskapet vart samrøystes godkjend.

8. Fastsetje medlemskontingenten

Styret tilrår at medlemskontingenten vert uendra for 2015.

Styret sitt framlegg:

Årsmøte fastset medlemskontingenten for 2015 til kr. 300,-

Vedtak. Framlegget vart samrøystes godteke.

9. Fastsetje årleg avgift for 4m, 6m og 8m båtplass

Styret tilrår at årleg avgift vert uendra for 2015.

Styret sitt framlegg:

Årsmøte fastset årsavgifta for 2015 til:

4m båtplass kr. 1600,-

6m båtplass kr. 1700,-

8m båtplass kr. 1800,-

Vedtak: Framlegget vart samrøystes vedteke.

10. Fastsetje innskot for 4m, 6m og 8m båtplass

Styret tilrår at innskotet for båtplassane vert justert etter konsumprisindeksen til SSB på 2.1% for 2015.

Styret sitt framlegg:

Årsmøtet justerer innskotet for 4m, 6m og 8m båtplass etter konsumprisindeksen til SSB på 2.1% for 2015.

Etter dette vert innskot på båtplassane slik:

4 m plass innskot kr. 24.000, justert innskot etter konsumprisindeks til kr. 24.510

6 m plass innskot kr. 29.630, justert innskot etter konsumprisindeks til kr. 30.260

8 m plass innskot kr. 36.230, justert innskot etter konsumprisindeks til kr. 37.000

Vedtak: Framlegget vart samrøystes vedteke.

11. Fastsetje timegodtgjersle for dugnad

Styret tilrår at timegodtgjersla for dugnad vert uendra for 2015.

Styret sitt framlegg:

Årsmøte fastset timegodtgjersle for dugnad i 2015 til kr. 100,-

Vedtak: Framlegget vart samrøystes vedteke.

12. Stifting og registrering av Naustdal Båtlag som samvirkeføretak

Styret i Naustdal Båtlag sende i mai 2014 melding om registrering av Båtlaget i Einingsregisteret som ei foreining. Vi fekk tilbakemelding om at båtlaget ikkje oppfylte krava for å bli registrert som foreining. Derimot kunne båtlaget stiftast og registrerast som samvirkeføretak i samsvar med reglane i samvirkelova.

Eit samvirkeføretak må stiftast etter reglane i samvirkelova. Dette inneber at det blir utarbeidd eit stiftingsdokument som angir namnet på stiftarane, adresse og fødselsnummer, jf. samvirkelova § 9. Vidare set samvirkelova minstekrav til vedteker/lover for å bli registrert som samvirkeføretak.

Kvifor registrere båtlaget som eit samvirkeføretak?

Hovudgrunnen er å få eit organisasjonsnummer. I samband med at vi har ei årleg omsetjing av diesel over kr. 50.000,- er vi pliktige å registrere båtlaget i momsregisteret. Momsregisteret krev organisasjonsnummer. Vidare har båtlaget ein avtale om online elektronisk kortbehandling (dieselpumpa) som og krev at vi har organisasjonsnummer.

Styret tilrår at Naustdal Båtlag vert stifta og registrert som samvirkeføretak.

Styret sitt framlegg:

Årsmøte vedtek:

- Naustdal Båtlag skal stiftast og registrerast som samvirkeføretak, og at laget sitt namn skal vere SA Naustdal Båtlag
- Stiftingsdokument for SA Naustdal båtlag med følgjande stiftarar: Egil Gulholm, Oddbjørn Schei, Daniel Stave, Sverre Nordgård og Jan Petter Sæbø.
- Det skal ikkje gjerast innskot i samband med stiftinga.

Vedtak: Framlegget vart samrøystes vedteke-

13. Forslag til endringar i lovene for Naustdal Båtlag

Lovene i båtlaget var sist revidert i 2014. Styret har lagt fram forslag for årsmøte om å stifte og registrere Naustdal Båtlag som samvirkeføretak. For å få registrert båtlaget må lovene oppfylle minstekrava til vedtekter i samvirkelova og vidare må lovene ikkje bryte med føresegnene i samvirkelova.

Styret har revidert lovene for Naustdal Båtlag slik at lovene er innanfor krava i samvirkelova. Styret sine endringsforslag er merka med raudt i vedlegget.

Det er kome inn framlegg frå John Bendiksen om å endre paragraf 13 a) i lovene for båtlaget.

Paragraf 13 a) omhandlar samansetjing av styret.

Forslaget til Bendiksen er å utvide styret der hamnesjefane og kontaktperson for straummålarar vert faste medlemmer i styret.

Styret har drøfta forslaget til John Bendiksen.

Det har vore ein lang tradisjon i båtlaget at styret skal vere på 5 medlemmar, og at hamnesjefane blir inviterte på styremøta. Det ligg til styret å kunne invitere både medlemmar og andre på styremøte når det er behov. Styret har utnemnd John Bendiksen som ansvarleg for å administrere straummålarar og til å følgje opp at bruk av straum skjer innanfor hamnereglane. Styret tenkjer det er tilstrekkeleg at han blir kalla inn til styremøte ved behov eller når Bendiksen ber om å få møte. Styret foreslår at paragraf 13 a) ikkje vert endra.

Styret sitt framlegg:

Årsmøte vedtek styret sitt framlegg til reviderte lover for Naustdal Båtlag.

Sven Jarle Reiakvam gjorde framlegg om at §14, h) nest siste setning vert endra til:
Klagen må vere skriftleg og sett fram innan ein månad etter at styret si avgjerd vart motteke.

Vedtak: Styret sitt framlegg med endringsframlegget frå Reiakvam vart deretter samrøystes vedteke.

14. Forslag til endringar i Hamnereglane for Naustdal Båtlag

Det elektriske anlegget i båthamna vart i 2014 fornya slik at det no stettar krava i standarden NEK 400-7-709 marinar. NEK 400-7-709 set krav til dei som vil kople seg til straumforsyninga i båthamna. Hamnereglane § 10 regulerer bruk av straum i båthamna. Hamnereglane må vise til krava i standarden og styret har lagt inn eit tillegg i § 10 der ein viser til krava i standarden.

Styret har fått tilbakemelding frå fleire medlemmar om at det bør vere mogeleg å kople seg til landstraum for ein kortare periode utan å måtte ha straummålar. Styret er samd i dette. Når ein innførte krav til bruk av straummålar var det blant anna for å sikre at båtlaget fekk betalt for bruk av straum når ein låg tilkopla i fleire dagar. Styret tenkjer det må vere ein viss fleksibilitet i båthamna og ønskjer derfor at ordet permanent går ut og at hovudreglen etter dette blir slik i § 10. *«Det er ikkje lov å nytte landstraum utan straummålar tilkopla, unntak er tilfeldig og kortvarig bruk når båteigar er til stades i båthamna.*

Styret har motteke eit forslag frå John Bendiksen om endring i hamnereglane § 10. *Han foreslår at følgjande blir tatt inn i § 10 i Hamnereglane:*

«Fra strømmåleren og ombord skal det benyttes sort gummikabel med minimum 2 x 1,5 kvadrat pluss jord. Jord skal alltid være tilkopleet. Brudd på disse reglene kan medføre at strømmåleren blir inndratt og depositum tilbakebetalt leietaker. «Ordet "permanent" fjernes.

Styret har drøfta forslaget frå John Bendiksen.

Standard NEK 400-7-709 set krav til dei som ønskjer å kople seg til det elektriske anlegget i båthamna. Vi tenkjer at dette er tilstrekkeleg og føreset at medlemmane vil følgje desse krava.

Når Bendiksen ønskjer å fjerne ordet «permanent» er det for å unngå at nokon kan kople seg til landstraum for ein kortare periode, utan bruk av straummålar. Styret er samd med Bendiksen i at ordet bør fjernast i § 10. Med dei endringane som styret og har foreslått, meiner vi det vil vere enklare både for dei som skal bruke straum og dei som sjå til at hamnereglane vert etterlevd.

Styret sine endringsforslag i Hamereglane § 10 er merka med raudt i vedlegget.

Styret sitt framlegg:

Årsmøte vedtek styret sitt framlegg til endringar i hamnereglane.

Vedtak: Framlegget vart samrøystes vedteke.

15. Investerings- og vedlikehaldsplan for Naustdal Båtlag for perioden 2015-2017

Til årsmøte i 2014 utarbeida styret ein investerings- og vedlikehaldsplan for perioden 2014-2017. Planen skal rullerast kvart år og styret skal legge fram ein oppdatert plan til årsmøtet.

Vedlagt følger revidert investerings- og vedlikehaldsplan for perioden 2015-2017.

Planen viser status på kva som er gjort og kva som skal gjerast i perioden.

Styret sitt framlegg:

Årsmøte vedtek revidert investerings-, og vedlikehaldsplan for 2015-2017.

Vedtak: Framlegget vart samrøystes vedteke.

16. Budsjett 2015

Styret viser til vedlagt driftsbudsjett for 2015.

Det er ikkje lagt opp til store investeringar i 2015. Det er lagt inn ein auke i vedlikehald i båthamna og dette er blant anna utgifter til å skifte og få på plass nye kjettingar for å sikre bryggeanlegget.

Ser ein isolert på inntekter og utgifter gir budsjettet eit driftsresultat på 103 430 før avskrivning. Styret legg opp til at driftsresultatet pr. 31.12.2015 blir overført til kapitalkontoen.

Styret sitt framlegg:

Årsmøte vedtek styret sitt framlegg til driftsbudsjett for 2015.

Vedtak: Framlegget vart samrøystes vedteke.

17. Val

Styret viser til eige framlegg frå valnemnda.

Odd Haugsbakk orienterte om valnemnda sitt framlegg til styre m.m. Framlegget er vedlagt årsmeldinga.

Framlegget vart samrøystes vedteke. Dvs. følgjande:

Leiar:	Egil Gulholm	1 år
Nestleiar	Daniel Stave	2 år
Skrivar	Oddbjørn Schei	2 år

Styremedlem.	Jan Petter Sæbø	1 år
Kasserar	Sverre Nordgård	2 år
Revisorar	Svein Øverland	1 år
	Bjørn Olav Erdal	2 år
Valnemnd	Henning Svoen	2 år
	Odd Haugsbakk	1 år

Møtet slutt ca. kl. 1945.

8/4-15

Bjørn Olav Erdal

Svein Faste Rianvam

Deltakarar þá ársmöte 26. mars

Jón Petur Sæbø

Egil Gællólin

Sverre Nordgård

Dagbjörtu Schen

Svinn Þorleik Rúnarsson

Jón Hermann Dahlberg

Gelge Jónsson

Lif Þorsteinsdóttir

Ólafur HANSEN

Stein Einarsson

Daniel Sláve

Jón Ólafur Þorsteinsson


Þorsteinn

REVISORBERETNING FOR NAUSTDAL BÅTLAG 2014


Vi har revidert årsrekneskapen for Naustdal Båtlag, for driftsåret 2014 med balanse per 31. desember 2014 og resultatrekneskap for 2014 som syner eit overskot på kr 69.922 for rekneskapsåret avslutta per denne dato.

Vi tilrår at årsmøtet godkjenner rekneskapen for 2014.

Naustdal, 26.mars 2015



Svein Øverland
revisor



Bjørn Olav Erdal
revisor

Naustdal Båtlag

RESULTATREKNESKAP

	Rekneskap 2013	Rekneskap 2014	Note
INNTEKTER			
Sal av 4 m plass	46 920	72 000	
Sal av 6 m plass	63 420	88 890	
Sal av 8 m plass	48 860	72 460	
Periodisert sal av båtplass	58 870	-29 240	
Sum sal av båtplasser	218 070	204 110	1
Årsavgift	90 600	166 400	
Medlemsavgift	25 000	38 200	
Ventelistegebyr	2 200	2 100	
Sal av nøkkelkort	350	450	
Sal av diesel	125 171	121 213	
Døgnleie i gjestehamn		1 200	
Sal av straum	18 990	13 116	
Leigeinntekt slip	400	200	
Depositum for straummålar		1 000	
Diverse inntekter	768	7 000	
Purregebyr	250	550	
Innbetalte investeringsmidlar 2012	3 500		
Sum inntekter	267 229	351 429	
Total sum inntekter	485 299	555 539	
UTGIFTER			
Kjøp av 4 m plass	-46 920	-48 000	
Kjøp av 6 m plass	-57 920	-88 890	
Kjøp av 8 m plass	-106 230	-36 230	
Sum kjøp av båtplasser	-211 070	-173 120	1
Kjøp av diesel	-111 412	-111 042	
Kjøp av nøkkelkort	-2 288		
Sum andre medlemsvariable kostnader	-113 700	-111 042	
Kjøp av stau	-23 405	-15 737	
Endring varelager diesel/nøkkelkort	4 500	-2 750	
Av- og nedskrivninger	-87 000	-97 000	2
Vedlikeholdsutgifter brygger	-10 119	-4 719	
Vedlikeholdsutgifter dieselanlegg	-22 648	-12 564	
Vedlikeholdsutgifter slip			
Kontorekvisita	-1 906	-4 085	
Porto	-2 850	-4 010	
Møtekostnader	-2 242	-2 831	
Bankkostnader	-182	-137	
Utgifter grunnarbeide	-50 000		
Andre kostnader	-18 900	-33 689	
Utbetalt dugnad	-11 400	-24 200	
Sum andre driftskostnader	-226 152	-201 722	
Total sum kostnader	-550 922	-485 884	
Driftsresultat	-65 623	69 655	
Renteinntekter		267	
ÅRSRESULTAT overført til egenkapital	-65 623	69 922	

Naustdal Båtlag

BALANSE

	Balanse pr. 31.12.13	Balanse pr. 31.12.14	Note
EIGENDELER			
Hamneanlegg	680 658	621 158	2
Drivstoff-pumpeanlegg	220 000	192 500	2
Utbygging EL-anlegg		147 085	2
Sum hamneanlegg	900 658	960 743	
Varelager diesel	10 000	9 500	
Varelager nøkkelkort	6 250	4 000	
Medlemskrav (kundeordringer)	8 290	25 790	
Periodisert sal av båtplasser	58 870	29 630	
Sum varelager	984 068	1 029 663	
Kasse		350	
Bankkonto 3841.35.03504 (driftskonto)	56 032	71 757	
Bankkonto 3841.15.50866 (dieselkonto)	53 362	61 587	
Bankkonto 3841.61.12824 (kapitalkonto)	2 984	3 010	
Sum kontanter og bank	112 378	136 705	
Sum eigendeler	1 096 446	1 166 368	
EIGENKAPITAL			
Egenkapital	1 162 069	1 096 446	
Årets resultat	-65 623	69 922	
Sum egenkapital	1 096 446	1 166 369	3
Leverandørgjeld	0	0	
Sum gjeld	0	0	
Sum gjeld og egenkapital	1 096 446	1 166 369	

NOTAR

Note 1 Kjøp og sal av båtplassar

	Sal båtplass	Kjøp båtplass
Kjøp og sal av båtplassar	173 120	202 750
6 m båtplass ikke seld pr 31.12.14	29 630	
	<u>202 750</u>	<u>202 750</u>

Note 2 Hamneanlegg, el-anlegg og drivstoffpumpeanlegg

	Hamne-anlegg	El-anlegg	Drivstoff- pumpeanlegg	Sum
Anskaffelsekost 1.1	1 828 870		275 000	2 103 870
Tilgang		157 085	0	157 085
Avgang				0
Anskaffelsekost 31.12	1 828 870	157 085	275 000	2 260 955
Nedskrevet tidligere	1 038 712	0	0	1 038 712
Akkumulerte avskrivninger 31.12	169 000	10 000	82 500	261 500
Balanseført verdi 31.12	621 158	147 085	192 500	960 743
				0
Årets avskrivninger	59 500	10 000	27 500	97 000
Forventa økonomisk levetid	10 år	16 år	10 år	
Avskrivningsplan	Lineær	Lineær	Lineær	

Note 3 Egenkapital

Eigenkapital 31.12.2013	1 096 446
Årets resultat	69 922
Eigenkapital 31.12.2014	1 166 369

Frå Valnemnda

Odd Haugsbakk, 48100805, odd.hill@c2i.net
Henning Svoen, 911 76 662, henning.svoen@gmail.com

Innstilling til nytt styre for årsmøtet i Naustdal båtlag 2015

Styret for 2014:

Styret:

Egil Gulholm, leiar	1 år
Daniel Stave	2 år
Oddbjørn Schei	2 år
Jan Petter Sæbø	1 år
Sverre Nordgård, kasserar	1 år

Revisorar:

Svein Øverland	2 år
Bjørn Olav Erdal	1 år

Valnemnd:

Henning Svoen	1 år
Odd Haugsbakk	2 år

Innstilling til nytt styret 2015:

Egil Gulholm, leiar	1 år.
Daniel Stave nestleiar	2 år
Oddbjørn Schei skriver	2 år
Jan Petter Sæbø styremedlem	1 år
Sverre Nordgård, kasserar	1 år

Svein Øverland	1 år
Bjørn Olav Erdal	2 år

Henning Svoen	2 år
Odd Haugsbakk	1 år.

Naustdal 26.mars - 2015
Med ønske om eit godt val !

Odd og Henning